

Ordforklaringer

Kvinner og kreft-studien: Blei starta ved Institutt for samfunnsmedisin ved Universitetet i Tromsø i 1991. Dette er ein landsdekkande studie kor kvinner frå heile Noreg har fylt ut spørreskjema om leveste, med fokus på bruk av p-piller, hormonbruk i overgangsalderen, kosthald (med spesiell vekt på inntak av fisk), solingsvanar og bruk av solkrem. Dei er også spurde om kreft i familien, mosjon, røykjevandar, sosiale forhold, svangerskap og fødselar m.m. I perioden 1991–2006 har over 170 000 kvinner i alderen 30–70 år fylt ut og returnert spørreskjema til instituttet. Hovudfokus har vore samanhenger mellom livsstilen og risikoen for kreft. I 1998 blei Kvinner og kreft-studien innlemma i European Prospective Investigation into Cancer and Nutrition (EPIC). EPIC-studien er eit samarbeidsprosjekt mellom ti europeiske land (Spania, Italia, Frankrike, Hellas, Tyskland, Nederland, Storbritannia, Sverige, Danmark og Noreg).

Ervervet hjerneskade: En skade på hjernen som er oppstått etter fødselen. Skaden kan komme fra traumer etter fall eller trafikkulykker eller fra hjerneslag og annen ikke-traumatisk skade. Hjerneskaden kan gi ulik grad av kognitiv funksjonssvikt. Trolig lever 130 000 nordmenn med slik hjerneskade.

Se oversikt over doktoravhandlinger i seksjonen Oss imellom på side 2728

Kreftdiagnose fører til kosthaldsendringar

Kvinner som får kreft endrar kosten og et meir frukt og grønnsaker enn kvinner som ikkje har hatt kreft. Dei drikk også mindre kaffi.

Dette viser Guri Skeie i avhandlinga *Diet, dietary supplements and dietary change among cancer survivors and cancer-free women – the Norwegian Women and Cancer study and the European Prospective Investigation into Cancer and Nutrition*.

Skeie har studert kosthald, bruk av kosttilskot og endringar i kosthaldet til kvinner som fekk brystkreft eller kreft i tjukktarm/endetarm. Ho har også samanlikna bruken av kosttilskot i ti europeiske land. I tillegg har ho sett på om dette har innverknad på overlevinga til kreftpasientane i Kvinner og kreftkohorten.

– Vi ser at dei som fekk brystkreft, auka inntaket av frukt og grønt og reduserte forbruket av kaffi i større grad enn dei som ikkje

hadde hatt kreft. Friske kvinner drakk mindre mjølk – men det gjorde ikkje kvinnene som hadde hatt tarmkreft. Endringane er positive for helsa, sjølv om kaffi ikkje påverkar risikoen for brystkreft og heller ikkje risikoen for tilbakefall, seier Skeie.

Ho viser også at bruken av kosttilskot varierte frå nord til sør i Europa: Norske og danske kvinner brukte nesten ti gonger meir enn dei greske. Resultata frå Kvinner og kreft-studien synte at dei som fekk lungekreft, levde lenger dersom dei hadde teke tran eller andre kosttilskot kvar dag før dei blei sjuke.

– Dette siste kan også vere eit resultat av andre faktorar som analysane våre ikkje tek omsyn til. Vi må forske meir på dette før vi veit om det er tranen som har denne effekten, seier Skeie.

Ho disputerte for ph.d.-graden ved Universitetet i Tromsø 11.9. 2009.

Anne Forus
anneforu@online.no
Tidsskriftet



Guri Skeie. Foto Gerd S. Furumo

Livet etter hjerneskade

Livet etter en hjerneskade kan innebære stor angst og utrygghet og gi selvmordstanker. De som takler livet videre vektlegger gjerne høyverdige verdier som fred, ro og naturopplevelser.

Forsker og sjefsykepleier Grace Inga Romsland har vært deltakende observatør og har gjort dybdeintervjuer med 16 pasienter i alderen 22–57 år i et rehabiliteringstilbud for personer med ervervet hjerneskade.

– Svikt i kognitive funksjoner, som blant annet kan gå utover hukommelse, evne til problemløsning, konsentrasjon og atferdskontroll, kan føre til mye kaos, sier Romsland.

Et vesentlig funn i denne studien var at mange hadde selvmordstanker. Det er med kognitive funksjoner vi kan handle, og funksjonssvikten skapte brudd i selve utvekslingen med den ytre verden. Det forårsaket en grunnleggende utrygghet og kunne føre til stor angst og følelse av krise. Selvmordstankene var knyttet til denne krisefølelsen og kunne være til

stede uavhengig av om vedkommende hadde en diagnostisert psykisk lidelse.

– For disse pasientene er det viktig å forstå hva som utfordrer den kognitive svikten og unngå kriseopplevelser. De som kom videre i livet, verdsatte naturen, fred og ro, kvaliteter ved å leve her og nå og nærhet til andre. Dette er positive verdier som åpner for en livsstil der funksjonssvikten ikke så lett settes i spill, sier Romsland.

Hun disputerte for ph.d.-graden 21.4. 2009 ved Universitetet i Oslo med avhandlinga *Erfaringer fra et rystet selv. Om å leve med kognitive vanskeligheter etter ervervet hjerneskade*.

Eline Feiring
eline.feiring@legeforeningen.no
Tidsskriftet